



Innhenting av tilbod

Moglegheitsstudie - nytt helse og omsorgstun i Austrheim kommune

1. Bakgrunn

Kommunal sjukeheim (Nordliheimen) er bygd over fleire tiår, med første byggetrinn 1964-65 og siste i 1999. Delar av bygget er svært slitt og lite funksjonell, og bygningsmassen svarar ikkje til dagens standardkrav. Kommunen har få omsorgsbustader, tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsnivå.

Kommunestyret i Austrheim kommune har vedtatt å starte utgreiingsprosjekt, med mål om å bygge nytt helse og omsorgstun i kommunen. Før endeleg vedtak om oppstart av forprosjekt med utforming og detaljprosjektering skal det gjennomførast ein moglegheitsstudie der ulike alternative løysingar og konsept skal utgjesti. Dette er ikkje berre eit byggjeprosjekt, men også eit viktig utviklingsprosjekt for kommunen, der berekraftige og framtidssretta løysingar må utgjesti for å møta framtidige behov og utfordringar innan helse og velferdstenesta i kommunen.

2. Om prosjektet – moglegheitststudie/ behovsavklaring

Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med [Difi sin prosjektmetodikk](#). Det er planlagt for ei stegvis tilnærming, der god forankring og involvering i alle ledd underveis i prosessen står sentralt.

Før ein kan gå vidare med prosjektet må grunnleggande prinsipp for kva standar kommunen skal legga seg på avklarast, og framtidige behov for døgnplassar og omsorgsbustader må utgjesti. I planlegginga må demografisk utvikling, utfordringar med tilgang på fagressursar og moglegheit for meir sambruk, samhandling og endra oppgåvevedeling leggast til grunn.

Resultatmål

Ferdigstille nytt helse- og omsorgstun i Austrheim kommune innanfor vedtekne rammer for tid, kostnad og kvalitet.

Effektmål

- oppfylla framtidige krav og behov for heildøgnsplassar og omsorgsbustader i Austrheim kommune
- meir heilskaplege og koordinerte tenester gjennom samlokalisering og samordning
- effektivitet og sambruk av ressursar
- oppfylla krav til pasienttilpassingar og universell utforming
- bruk av framtidssretta teknologi, digitale løysingar og medisinteknisk utstyr
- meir fleksible og framtidssretta løysingar
- oppfylla krav til eit bygg som er rasjonelt å drifta og vedlikehalda (energieffektiv, lav driftskost)
- rekruttere og behalde helsepersonell
- redusere bygningsmasse som kommunen eig og nyttar
- ytterlegare effektmål må utgjesti og avklarast i konseptfasen av prosjektet





Konsept- og utgreiingsfasen

I denne fasen er målet å utarbeide eit godt beslutningsgrunnlag, samt synleggjere moglegheiter og risikomoment for prosjektet.

I denne fasen skal prosjektet:

- Kartlegge/analysere framtidige behov for heildøgnsplassar og omsorgsbustader i kommunen
 - Gjennomføre behovsvurdering og interessentanalyse som grunnlag for å avklare kva tenester som skal/kan samlokalisera i bygget.
 - Her også vurdere gevinstar ved samlokalisering av sjukeheimstenesta med andre tenester som;
 - heimesjukepleie, omsorgsbustader og andre døgntenester i kommunen
 - legekontor, fysio- og ergoterapitenesta, helsestasjon m.v.
 - andre tenester/interessenter
 - Vurdere etablering av nytt helse- og omsorgstun opp mot andre utbyggingsprosjekt som er initiert i kommunen
 - Utgreie ulike alternative løysingar og sjå dette opp mot kostnader og ressursbehov, med særleg fokus;
 - framtidsretta, ressurssparande og berekraftig tenesteyting
 - funksjonalitet (brukarane sine behov), vedlikehald og teknisk drift
 - Utarbeide funksjonsskildring og gjennomføre moglegheitsstudie for arkitektur som stettar framtidige behov
 - Utgreie ulike tomtealternativ for lokalisering i samsvar med prinsipp for lokalisering
 - Utarbeide forventa kostnadsramme, samt konsekvensar for driftsbudsjettet
 - Analysere og synleggjere risikofaktorar for prosjektet
 - Vurdere moglegheiter for tilskot og anna finansiering
 - Kartlegge og analysere ulike alternativ for organisering og eigarskap (SWOT-analyse)
- Desse alternativa bør utgreia:
- Austrheim kommune byggjer sjølv
 - Offentleg privat samarbeid
 - Private aktørar bygger og leiger ut til interessentane
 - Samarbeid med andre offentlege aktørar
- Utarbeide handlingsplan med milepælar og vedtakspunkt

Krav til leverandør:

- Gjennomføre kartlegging og analyse i samsvar med mål i prosjektets konsept- og utgreiingsfase
- Samarbeide med og rapportere til kommunedirektøren ved kommunalsjef for helse og velferd, Anne Hildegunn Færøy
- Førebu og delta på møter med prosjektgruppa - fysisk/teams og er ansvarleg for framdrifta i utgreiings- og konseptfasen. Fysiske møter med oppdragsgjevar og prosjektgruppa vil vere i Austrheim eller i Knarvik.
- Utarbeider rapport/-ar som grunnlag for vidare prosjektering
- Arbeidsspråk er bokmål eller nynorsk

Oppstart og arbeidsomfang:

- Arbeidet startar opp så snart som mogeleg
- Det er forventa å ha jamlege møte med prosjektleiar og prosjektgruppa





- Endeleg rapport skal leverast innan 31.01.2024

Kriterium for vurdering av tilbod:

- Pris - vekta 50%
 - Dokumenterast med fastpris for oppdraget, basert på ovannemnte skildring
 - Dokumenterast med timeprisar for ressursar:
 - Arkitekt (junior – maksimalt 5 års erfaring frå tilsvarende oppdrag)
 - Arkitekt (senior – minimum 6 års erfaring frå tilsvarende oppdrag)
 - Prosjektleiar
- Verksemda si erfaring frå tilsvarende oppdrag – vekta 30 %
 - Dokumenterast på følgande måte:
 - Minimum 3 relevante prosjekt
 - Opplysning om oppdragsgjevar og kontaktinformasjon til oppdragsgjevar
 - Opplysning om oppdraget sin verdi for verksemda
 - Opplysning om oppdraget sin relevans for denne anskaffinga
- Tilbydde ressursar sin kompetanse og erfaring frå tilsvarende oppdrag - vekta 20%
 - Dokumenterast med CV-ar for følgande ressurs:
 - Arkitekt (junior – maksimalt 5 års erfaring frå tilsvarende oppdrag)
 - Arkitekt (senior – minimum 6 års erfaring frå tilsvarende oppdrag)
 - Prosjektleiar

Kontraktsvilkår

NS 8401 vil regulere oppdraget.

Tilbodsfrist og levering

Tilboden skal leverast innan 15.08.2023, kl.12:00.

Tilboden skal leverast som passordbeskytta zip-fil. Passord ettersendast etter tilbodsfrist.

Tilbod vert sendt til eifly@hrpas.no med kopi til bjornar.fjellhaug@austrheim.kommune.no.

Spørsmål vert også sendt til Tilbod vert sendt til eifly@hrpas.no med kopi til bjornar.fjellhaug@austrheim.kommune.no.

Tilboden skal leverast på bokmål eller nynorsk.





Austrheim
Kommune

Sign.

Anne Hildegunn Færøy
Kommunalsjef helse og velferd



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
www.austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823